

## **Oversikt over innkomne framlegg til Førde AP sitt årsmøte**

### **1. Ungdomspakke- Innsendt av Førde AUF**

I dag er det ein reel mangel av tilrettelegging for å drive med organisert aktivitet som ikkje omhandlar idrett i Førde kommune. For å sikre demokratiet er det viktig at barn og ungdomar også får mogelegheit til å gjere nettopp dette. Eit grunnleggande pilar for at alle kan delta i samfunnsdebatten er at man har økonomiske rammer for å delta. Difor ynskjer vi at barne og ungdomsorganisasjonar skal få mogelegheit til å nytte Førde kommune sine lokale utan kostnad. Vi kan i dag sjå at kommunen har 3 kommunale råd. Funksjonen for desse, spesielt ungdomens bystyre i Førde er i dag marginal. Dei respektive representantane blir ofte berre orientert om avgjersler som allereie er vedteke i eit av utvala, formannskapet eller bystyret. Når man kan sjå at det er ein stor underrepresentasjon av ungdommar som folkevalde i Førde, er det naudsynt at denne gruppa får uttale seg. Vidare kan vi sjå at det er eit behov for ein arena ungdom mellom 15 og 18 år kan samlast på.

Førde AUF ser at det er eit klart behov for å tilretteleggje meir for at barne og ungdomsorganisasjonar kan drive sin aktivitet. Difor vil vi at;

- administrasjonen i Førde kommune skal greie ut kva for tiltak dei har for å leggje til rette for at barne og ungdomsorganisasjonar kan delta i demokratiet, verknaden av desse tiltaka og eventuelle forbetingar av eksisterande tiltak eller oppretting av nye.
- barne og ungdomsorganisasjonar skal få mogelegheit til å leige kommunale bygg, som høver til utleige, utan kostnadar.
- dei 3 kommunale råda i Førde kommune skal få skal få møte, tale og forslagsrett i bystyret i Førde.
- Førde kommune skal legge til rette for oppstartinga av ein ungdomsklubb for 15-18 åringer etter modellen til Løa.

### **2. Rettferd for alle norske born med norsk statsborgarskap – Innsendt av Førde AUF**

I dag er det slik at om eit born har ein asylsøkar og ein norsk statsborgar som foreldre, så får det bornet færre opptentे rettar enn andre born. Man mistar til dømes retten på eingongsstønad/foreldrepengar og kontantstøtte. Dette gjer situasjonen vanskelegare for borna og familiane som ikkje får den økonomiske ryggrada til å kunne leve gode og verdige liv. Dette er eit angrep på den grunnleggande tanken til Arbeiderbevegelsen om at alle skal ha like mogelegheiter same kven foreldra deira er. Dagens politikk er med på å skape eit klasseskilje, der vi allereie ser at vi har 100 000 born som lever i familier med trond økonomi.

- Førde AUF krev at norske born med statsborgarskap skal ha dei same sosiale og økonomiske rettane uavhengig av kven foreldra deira er og deira opptente rettar.

### 3. Kjønnsnøytrale tittlar i kommunen og fylkeskommunen- Innsendt av Førde AUF

Førde AUF krev at Førde bystyre innfører kjønnsnøytrale tittlar i kommunen. Vidare oppfordrar vi fylkestinget i Sogn og Fjordane til å innfører kjønnsnøytrale tittlar i fylkeskommunen.

### 4. Midlertidige tilsettingar- Innsendt av Førde AUF

Førde AUF krev at bystyret i Førde kommune skal vedta å innskrenke moglegheita for at kommunen skal midlertidig tilsette personar, og at hovudregelen på nye tilsettingar er heile stillingar.

Vi meiner at ein fast, full jobb skal vere hovudlinja i norsk arbeidsliv. Det er difor viktig at offentleg sektor går føre og gjennomfører tiltak som kan legge til rette for at dette vert det berande prinsippet.

### 5. Krav om reservasjon:

Nei til innføring av EUs reviderte kabotasjeregler- Innsendt av Reidar Fugle Nordhaug

- Arbeidarpartiet ser det som naudsint med ein reservasjon mot dei nye kabotasjereglane som ligg i «mobilitetspakka» til EU.

Kabotasje er transport mellom steder i eit anna land enn transportøren høyrer heime. Etter dagens reglar gjev EØS-transportørar tilgang til å køyre inntil tre innanlandske oppdrag i løpet av sju dagar. Sidan 2015 har det òg vore fullt lovleg å køyre inn i Noreg med ein tom pall for å ta kabotasjeoppdrag, under føresetnad om at ein har lasta gods i eit anna EU-land (f.eks. Danmark og Sverige) og i løpet av dei sju dagane der kabotasjekøyring i dette landet er lov.

Norsk Transportarbeidarforbund og Norsk Lastebileigarforbund har ved gjentekne høver

påvist korleis kabotasjereglane fører til sosial dumping, utbredd kriminalitet og ein alvorleg senking av vegtryggleiken. Kabotasjekøyring i EU/EØS er blitt synonymt med sosial dumping, kriminalitet og tynnslett tryggleik i form av dekk, bremser og kvletid. Austeuropeiske sjåførar køyrer på luselønn og overnattar i dagevis på rastepllassar medan dei ventar på nye oppdrag.

Med dei føreslegne endringane i kabotasjereglementet i EUs mobilitetspakke (øg kjent som vegpakka) kan dette bli endå verre. Dei nye EU-reglane legg opp til eit uavgrensa tal kabotasjeoppdrag innanfor fem dagar. Det vil medføre betydelege konsekvensar for transportnæringa, tryggleik og sosial dumping. Difor ser vi det som naudsynt å reservere oss mot innføringa av dei endra kabotasjereglane som del av EUs mobilitetspakke.

## 6. Eit trygt og seriøst arbeidsliv- Innsendt av Reidar Fugle Nordhaug

- Anbod og innkjøp frå kommunen og fylkeskommunen skal utformast slik at det ikkje er opning for bedrifter som bryt med grunnleggande prinsipp om eit trygt og rettferdig arbeidsliv.
- Difi's kontraktskrav for lønns- og arbeidsvilkår skal nyttas som utgangspunkt i heile kontraktskjeden.
- Anskaffingar skal følgjast opp med klare kontollar og sanksjonsmogleheter gjennom kontraktsperioden.
- Stortingsgruppa må vurdere nye tiltak for å få sterkare kontroll, avgrensingar og sanksjonar mot useriøse aktørar på tvers av bransjespekteret.

Arbeidarpartiet blei stifta i 1887 for å ta kampen for rettane til arbeidstakerane. Sidan den tid har partiet og fagrørla både kjempa og vunne kamper som vi kan sjå klare resultat av i dagens arbeidsliv. Samstundes er det framleis mykje som må gjerast. I dag møter fleire bransjar betydelege utfordringar som følgje av useriøse aktørar.

Saman med bygg og anlegg står helse og omsorg som nokre av dei mest utsette bransjane. Som eit lokalt eksempel frå Sogn og Fjordane fekk Orange Helse nyleg etablert seg i 12 av kommunane våre gjennom eit forhandlingsarbeid som var leia av administrasjonen til fylkeskommunen. Orange har fått kraftig kritikk for å gi ei manglande opplæring, halde tilbake lønn, og utnytte opp til fleire av dei tilsette.

Vi meiner det er uakseptabelt at profitt og innsparingar skal settast framfor seriøsitet til bransjane, og tryggleiken til vanlege arbeidsfolk. Difor ser vi det som naudsynt med tydelegare krav til faglærte, arbeidsvilkår og underleverandørar når kommunar og fylkeskommunar skal gjennomføre innkjøpa. Vidare skal det vere klare rutinar for både kontroll og sanksjoner gjennom kontraktsperioden.

## 7. Vi vil styre over krafta vår sjølv - Nei til ACER- Innsendt av Reidar Fugle Nordhaug

Eit av dei viktigaste momenta til Noreg si utvikling og velferdsutbygging har vore tilgangen på kraft til norsk industri. Tanken om at det norske folk skal eige og kontrollere kraftressursane har heile tida vore avgjerande for vår utvikling som industrinasjon.

Våre kommuner er i ein unik situasjon med tanke på at her er både kraftkrevjande og kraftgjevande industriarbeidsplasser. Framsynte politikarar såg tidleg at utanlandske eigarar ikkje måtte få kontroll over vasskrafta vår, men at ressursane måtte sikrast gjennom eigarskap og politisk kontroll. Heimfallsretten og konsesjonslovene har blant anna sørga for verdiskapning og regulering av krafta vår til det beste for fellesskapet.

EU ønskjer gjennom den tredje energimarknadspakken ,samt utviklinga av ACER, å lage eit felles europeisk nett for både gass og straum der nasjonale hensyn ikkje skal takast. Medan dagens samarbeid er rådgjevende, skal ACER fatte bunde flertallsvedtak.

Meir omfattende kraftutveksling med kontinentet vil jamne ut straumprisen til eit «europeisk» nivå. Berre nokre øre i auka straumprisar kan gje industridød for mange av våre hjørnesteinsbedrifter. Det blir ikkje lenger muleg å prioritera stabil og billig krafttilførsel til norsk industri hvis EU sitt energibyrå meinar krafta trengs meir på kontinentet.

Arbeiderpartiet kan ikkje sitte med folda hender å sjå på at dette skjer. Ein av politikarane si viktigaste oppgåve er å sikre arbeidsplassar, og dette blir i stor grad gjort gjennom å sørga for forutsigbarheit for norsk industri. Norsk energi skal brukast til å produsere industriprodukt i Noreg, og den skal ikkje eksporteras som ei råvare.

#### **Difor krev årsmøtet i Årdal Arbeidarparti at:**

- Noreg må sei nei til å knyte oss til EU sin Energiunion (ACER).
- Fleire utbyggingar av kraftkablar må stoppast,
- Det har stor betydning for norske forbrukarar og industri at vedtak i Storting krever  $\frac{3}{4}$ -dels fleirtal grunna suverenitetsavståelse § 115.
- Vår viktigaste evigvarande energiressurs, vasskrafta, må ha nasjonal kontroll.

#### **Framlegg om sjødeponi**

Gruvedrift og mineralutvinning må skje i eit miljømessig berekraftperspektiv og gruvedrift må underleggast miljøkrav i samsvar med forureininglova.

Opplysningsar den siste tida syner at forureininga i fjordar og hav er større enn vi nokon gong har vore klar over. Det har det siste året vore oppslag om gásenebbkval full av plast og om microplast i havet. Den 30. januar kunne vi i norske media lese om at havet og kystnære områder som er fulle av oksygenfattige områder. Arealet tilsvrar Afrika sitt landareal. Det er store oksygenfattige havområder mellom Noreg og Danmark. Forskarene understrekar at tiltak som må gjerast er m.a å unngå bruk av kjemikalier som renn ut i kystsonene.

Regjeringa har gjeve Nordic Rutile utsleppsløyve for store mengder giftige kjemikalier. Utsleppsløyvet til regjeringa er svært omstridt. Fyrst sa Miljødirektoratet nei, grunna negative miljøkonsekvensar. Deretter snudde Miljødirektoratet ved å rekne inn dei samfunnsmessige konsekvensane. Den seinare tida har vi sett at føresetnadane for det

samfunnsmessige reknestykket er svekka når tal tilsette er redusert frå 170 til 106, tal driftsår er redusert frå 50 til 29 og maskinskatten er vekke.

Vedtak:

Førde Arbeidarparti meiner:

- Framtidige søknadar om å deponere gruveavfall i sjø vert ikke innvilga.
- Regjeringa sitt innvilga utsleppsløyve for deponering av gruveavfall i Førdefjorden må vurderast på nytt.
- Regjeringa må satse innovativt på å sjå på verdien av restmassane ved gruvedrift.